

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
M52, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/21	Alver formannskap	11.03.2021

Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

**Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall vert lagt ut på høyring slik den ligg føre.
Høyringsfristen er 6 veker.**

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 029/21 Vedtak:

Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall vert lagt ut på høyring slik den ligg føre.
Høyringsfristen er 6 veker.

Saka gjeld

Alver kommune har etter lov om forureining og avfall (forureiningslova) §§ 29 og 30 ansvar for å ha anlegg for mottak og innsamling av hushaldsavfall. Kommunen kan etter same paragraf gje forskrift som er naudsynt for å få til ein hensiktsmessig innsamling og oppbevaring av avfallet.

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR) står føre oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldningsavfall i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. NGIR samlar inn og handsamar avfall frå omlag 14 000 hushald, og 6 400 hytter i medlemskommunane.

Med heimel i Forureiningslova § 30 vedtok deltakarkommunar i NGIR ei felles lokal forskrift for innsamling mv. av husholdningsavfall (forbruksavfall) – FOR-2000-10-05-1706.

Det vert lagt fram ei ny lokal forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall frå bueiningar. Næringsavfall er ikkje inkludert i ordninga. Ny forskrift vil erstatte gjeldande forskrift som er frå 2000. For Alver kommune sin del så var denne gjeldande til 31.12.2020.

Vurdering

Gjeldande forskrift har ikkje vore endra sidan 2000, og NGIR har gjort seg erfaringar med at forskrifta ikkje løyser alle forhold på ein god nok måte.

Kommunane og NGIR ser behovet for å gjere forskrifta tydelegare med omsyn til om det er NGIR eller kommunane som skal stå for ulike oppgåver knytt til hushaldsrenovasjonen, samt andre høve som har vist seg

å være uklare i eksisterande forskrift.

Framlegget til ny forskrift er basert på gjeldande forskrift, og regulerer forholdet mellom abonnent/kunde på den eine sida, og NGIR (kommunane) på den andre sida.

Føremålet med forskrifta er å sikre at oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall vert gjort på miljømessig, helsemessig og økonomisk forsvarleg vis.

Den nye forskrifta er meir systematisert og strukturert enn tidlegare, og gjev NGIR meir rom for å supplere forskrifta med detaljert informasjon i rettleiarar og retningslinjer. Forskrifta vert difor meir dynamisk, og ein får høve til å tilpasse renovasjonsordninga teknologiske løysingar for avfallshandtering og andre endringar som kan oppstå i framtida.

Framlegg til forskrift er felles for alle deltakarkommunane i Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap (NGIR), og fleire frå administrasjonen frå deltakarkommunane har delteke i arbeidet med utforminga av den nye forskrifta.

Framlegg til forskrift vert lagt ut på høyring i kvar av deltakarkommunane, og høyringsuttalar vert sendt direkte til NGIR. Etter høyringsperioden er over og innkomne uttalar er vurdert, vert forskrifta lagt fram for vedtak i kvar kommune sitt kommunestyre.

Det er laga ein rettleiar til forskrifta, samt retningsliner for privat tilkomstveg. Desse vert lagt ut saman med forskrifta for å vise samanhengen, men skal ikkje vedtakast som ein del av sjølve forskrifta.

Rådmannen rår til at forskrifta vert lagt ut på høyring slik den ligg føre.

Vedlegg i saken:

04.03.2021	Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall	1520223
04.03.2021	Retningslinjer for privat tilkomstveg	1520224
04.03.2021	Rettleiar til forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall	1520225